

Ottar Grepstad  
direktør Nynorsk kultursentrum

# Språkfylket Sogn og Fjordane – fakta og utviklingstrekk

Opningsinnlegg på nynorsk dag for kulturminister Thorhild Widvey i Førde 29.4.2014

Sogn og Fjordane er eitt av tre fylke der nynorsk er tydeleg meir brukt no enn for hundre år sidan. Dei to andre er Oppland og Møre og Romsdal.

Sogn og Fjordane er det nynorske grunnfjellet og har vore det i snart hundre år. Posisjonen for nynorsk i fylket har hatt mykje å seie for den nasjonale posisjonen for språket. Bruken av nynorsk er prega av stor stabilitet og få endringar i både skule, kyrkje og offentleg forvaltning etter 1930-åra. Mykje av det som er omstridd rundt forbi i Noreg, er sjølvsagt her vest.

Sogn og Fjordane representerer eit språkleg hegemoni som gjer det tydeleg at mange nordmenn lever i skiftande språklege fleirtal og mindretal. Innbyggjarane i fylket meiner både at det er viktig å bruke meir nynorsk og at alle nordmenn skal lære begge skriftspråka skriftleg. Her praktiserer det nynorskbrukande fleirtalet den språklege toleransen som diverre manglar frå det bokmålsbrukande fleirtalet overfor nynorsk særleg på Austlandet og i Nord-Noreg.

## Tre grunnleggjande premisser

*Norsk er to store språk i verda.* Det fremste internasjonale dokumentasjonssenteret for språk ligg i Dallas, Texas. Dei har dokumentert at over 7000 språk som er i bruk. Blant desse er 100 språk særleg robuste. Norsk er blant desse 100 mest robuste språka. Nøkkelen til det vidare arbeidet med å halde oppe norsk som så robuste språk, ligg hos det bokmålsbrukande fleirtalet, særleg i næringsliv, idrett og underhaldningsindustri.

*Noreg blei tidleg ein fleirspråkleg stat.* I 1885 jamstilte fleirtalet i Stortinget dei to språka vi i dag kallar bokmål og nynorsk. Statsråden skal sleppe å svare for dei som utgjorde mindretalet den gongen. Med dette vedtaket blei Noreg ein av dei første statane i verda som var formelt og reelt fleirspråklege. Belgia gjorde liknande vedtak på denne tida, men med meir glidande overgangar.

*I Noreg heng språk og lokaldemokrati saman.* Sentrale element i norsk språkpolitikk er basert på lokalt sjølvstyre. Det er innbyggjarane, kommunestyra og kyrkjelydane som avgjer kva som skal vere opplæringspråket i skulen, kva språk liturgien skal vere på, og kva språk staten skal bruke overfor kommunen. Dette var i si tid nødvendig fordi språk var blitt så viktig for mange nordmenn, og det har gjort at språk framleis er viktigare i dette landet enn i mange andre land.

## **Språkbarometer for Sogn og Fjordane**

På papiret er Sogn og Fjordane mindre viktig i dag enn i 1964. Berre 2 % av alle nordmenn bur i dette fylket, mot nær 4 % for 50 år sidan. Språkleg og dermed kulturelt er fylket likevel mykje viktigare enn slike tal skulle tilseie.

I den språkrapporten om Sogn og Fjordane som Nynorsk kultursentrum presenterte for to år sidan, presenterte vi eit språkbarometer. Det viser at språkbruken utviklar seg annleis i dette fylket enn i landet sett under eitt.

Nokre raude piler peikar nedover for nynorsk på landsplan, men i Sogn og Fjordane er pilene grøne og peikar oppover.

Få av dei endringane i bruken av nynorsk som har prega Noreg det siste hundreåret, har gjort seg gjeldande i Sogn og Fjordane. Dette illustrerer at Noreg er eit samfunn med meir enn eitt kulturelt sentrum.

Nynorsk blir brukt på mange fleire område enn dei Kulturdepartementet styrer og forvaltar, men dei områda departementet svarar for, er særleg viktige nettopp i Sogn og Fjordane.

## **Offentleg forvaltning har gitt nynorsk høgare status**

Kommuneforvaltninga produserer mykje tekst og er såleis viktige språkbrukarar. I Sogn og Fjordane har den formelle tospråkspolitikken gitt nynorsk høgare sosial status.

Nynorsk kommunane speglar i stor grad annan språkbruk i området. Ni av ti nynorskelevar i grunnskulen bur i desse kommunane, åtte av ti kyrkjesokn med nynorsk liturgi låg i nynorskkommunar, og sju av ti vernepliktige. Dei fleste nynorskeavisene i fylket kom til etter at nynorsk alt var blitt heilt dominerande i kommune, kyrkje og skule.

I Sogn og Fjordane er alle kommunane formelt nynorskkommunar, og fylkeskommunen er ein av tre fylkeskommunar med nynorsk tenestemål.

Lovverket om språkbruk i offentlig forvaltning har vore der sidan 1930. Det har openbert vore ein styrke i Sogn og Fjordane, og det førte til at bankar så vel som transportselskap ikkje berre tok i bruk nynorsk, men blei verande nynorskbrukande verksemdar.

## **Kyrkja står på eit nynorsk grunnfjell**

Institusjonar er viktige fordi dei gir språk status og held tradisjonar fast når dei først er etablerte. Den norske Kyrkja viser dette i praksis og er kanskje den samfunnsinstitusjonen som mest konsekvent praktiserer ein tospråkspolitikk.

Kyrkja er like eittspråkleg nynorsk i Sogn og Fjordane som den er eittspråkleg bokmål i mange delar av landet. Både for Noreg sett under eitt og for fylket har nok kyrkja vore ei språkleg stabiliserande kraft over lengre tid av di kyrkjesokna sjeldan skiftar språk. Både i Stavanger, Bjørgvin og Møre bispedøme utgjorde dei nynorske kyrkjesokna jamvel ein større del i 2012 enn i 1996.

## **Dei største nynorskavisene ligg i Sogn og Fjordane**

Pressa er ein av dei største tekstprodusentane i alle moderne skriftkulturar. Sogn og Fjordane har eit sterkare og meir variert publisistisk miljø no enn nokon gong før.

Den typiske nynorskavisa er ei fådagarsavis med opplag under 6000 eksemplar. Desse lokalavisene er ikkje små. Dei er større enn dei fleste, språkleg sett. Utanfor offentlig forvaltning er dagsavisa Firda i dag den suverent største produsenten av nynorsk tekst. Den avisa produserer kvart år like mykje nynorsk tekst som alle norske forlag gjer på fire.

Dei to største nynorskavisene i landet er Firda og Sogn Avis, som begge kjem ut i Sogn og Fjordane.

NRK Sogn og Fjordane utgjer det største nynorskmiljøet i NRK, ikkje berre blant distriktskontora, men i heile NRK. Når regjeringa no skal vurdere NRK, høyrer det med å sjå på korleis ulike delar av eden store institusjonen kan utvikle sterke nok nynorskmiljø. Nynorske redaksjonsmiljø over den kritiske storleiken var det berre i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

Det samla redaksjonsmiljøet for nynorsk er sterkare i Sogn og Fjordane no enn for nokre tiår sidan. Det siste tiåret er dette blitt styrkt av to nye tiltak. NRK Nynorsk mediesenter sender kvart år ut ti sjølvsikre nynorskbrukande journalistar for radio, tv og nett. I fjor kom dei fire første avis- og nettjournalistane av same slaget frå Nynorsk avissenter. NRK Nynorsk mediesenter har på få år utvikla ei uvanleg språkleg kraft som verkar langt utover fylkesgrensa, og Nynorsk avissenter er på veg til å bli det same.

Forlagsbransjen blei på 1900-talet konsentrert til Oslo. Då Forlaget Skald gav ut første boka si i 1993, var det over 100 år sidan sist det fanst profesjonelt forlag i fylket. Selja Forlag følgde etter i 1996, og saman er desse to no viktige aktørar i nynorsk forlagsverksemd.

### **Teatret i fylket er blitt ein viktig nynorskinstitusjon**

Lenge var amatørteater i regi av ungdomslag og andre frivillige kulturmiljø dei viktigaste scenekunstskeparane i fylket. Det miljøet er der framleis.

Sogn og Fjordane Teater hadde den første premieren i 1977 og sette opp framsyning nr. 5000 i 2001. Til og med 2013 har teatret hatt godt over 800 000 gjester på meir enn 7000 framsyningar. Desse høge tala rommar mange års røynsle med scenekunst på nynorsk, og teatret har særleg markert seg med solid språkrøkt i arbeidet med oppsetjingane.

Frå og med 2013 samarbeider teatret systematisk med Hordaland Teater og Det Norske Teatret om gjesteturnear og fellesproduksjonar.

### **98 % bruker nynorsk i grunnskulen**

I Sogn og Fjordane er bokmål eit marginalt språk i grunnskulen. Nesten alle borna går gjennom skulen i formelt eittspråklege miljø der nynorsk er einerådande. Den språklege lekkasjen frå nynorsk til bokmål er også liten.

Alt i 1910 var nynorskbrukarane i fleirtal blant elevane i Sogn og Fjordane, og sidan 1920 har dei utgjort meir enn 90 %. Tysdag 29. april 2014 får 13 736 eller 98 % av elevane i dette fylket opplæringa si på nynorsk. Dette skuleåret har 10 elevar i 1. klasse bokmål, og 64 i 10. klasse. For ti år sidan var det 34 bokmåselevar i 1. og 132 bokmåselevar i 10. klasse.

To kommunar skil seg ut, av næringshistoriske og sosiale grunnar. Tre av fire bokmåselevar bur i Vågsøy eller Flora. Også her er likevel bokmålsbrukarane i mindretal, og der er ingen klar tendens til at den status bokmål har nasjonalt, får fleire born i desse kommunane til å skifte til bokmål enn i andre delar av fylket.

Skulemiljøa er meir eittspråklege enn dei er i andre område der nynorsk blir mykje brukt. Der går ein aukande del av nynorskelevane i språkdelte språkmiljø i grunnskulen, og det aukar presset mot språket deira.

### **Berre ein av tim skiftar til bokmål i vidaregåande skule**

Nasjonalt var nynorsk hovudmålet for 6 % av elevane i vidaregåande skule i 2012.

Halvparten av dei elevane som brukte nynorsk då dei tok til i grunnskulen, hadde då skifta

til bokmål. I Sogn og Fjordane var derimot nynorsk hovudmålet for 86 % av elevane. Her skiftar berre ein av ti frå nynorsk til bokmål i vidaregåande skule.

Nasjonalt inneber urbanisering og sentralisering fleire bokmålsbrukarar, både gjennom den reine tilveksten, og gjennom språkskifte frå nynorsk til bokmål. Dei språkmøta ein del elevar kjem borti, får særleg språklege følgjer for dei som er usikre språkleg eller på anna vis. Då er det greiast å følgje fleirtalet. Det er ikkje sikkert at desse opplever dette som noko problem, men for posisjonen for nynorsk har desse språkmøta altså negative følgjer.

Ei stor spørjeundersøking blant elevane i vidaregåande skule i 2004 viste at ein av fire rekna med at nynorsk kom til å bli ein ulempe for dei. Likevel trudde berre ein av ti at dei ville skifte. Det same svara elevane i ei anna stor undersøking i 2010. Det seier mykje om kor sterk nynorsktradisjonen er.

Nynorskbrukarane blir gjerne verande nynorskbrukarar viss dei bur i miljø der nynorsk pregar kvardagen og er eit respektert fleirtalsspråk. Slik er det i store delar av Sogn og Fjordane.

### **Dei vaksne praktiserer tospråkspolitikk**

Talet på nynorskbrukarar har halde seg stabilt sidan 1990-åra. Dei bur over heile landet, men Vestlandet aukar prosentdelen sin.

I Sogn og Fjordane bruker seks av ti vaksne innbyggjarar nynorsk, og to av ti er tospråklege. Dette viser to viktige trekk. Det eine er at ein del av dei som i barneåra brukte nynorsk, seinare skiftar til bokmål. Det andre er at språkkompetansen i fylket er stor.

Dette er det einaste fylket der fleirtalet av innbyggjarane meiner at alle elevar i landet bør lære å skrive både nynorsk og bokmål. Dei som bruker nynorsk, er dei som også sterkast støttar tanken om at begge språka skal lærast.

### **Meir nynorsk også i næringslivet**

Generelt er det blitt mindre kontroversielt å bruke nynorsk kommersielt. Språkbruk i næringslivet er generelt dårleg dokumentert, og Nynorsk kultursentrum ønskjer å gjere noko med dette i åra framover.

Éi kjelde til kunnskap er annonsesidene i avisene. To store undersøkingar dekkjer tidsrommet frå 1948 til 2012. Dei syner at nynorsk blei brukt i sju av ti annonsar i 2012, mot fire av ti i 1948.

Både reiselivsbedrifter, konfeksjonsbedrifter og matvareindustri bruker no nynorsk der dei for få tiår sidan med stor konsekvens skreiv bokmål. Som barometer for språktrykket seier dette mykje, for næringslivet har det ikkje med å utfordre meiningane til kundane og marknaden.

### **Ein politikk for endringar i tide**

Den posisjonen nynorskbrukarane etablerte i fylket i tiåra før 1940, er stort sett like sterk i dag. Den som ønskjer å styrkje bruken av nynorsk eller ta vare på den tradisjonen som alt finst, bør ikkje slå seg til ro med at dagens situasjon er stabil. Der er nokre gryande teikn til endring som tilseier ein føre var-strategi.

Der er visse tendensar til at nynorsk står svakare ute ved kysten enn innover i fjordane. Her må meir undersøkjast før eintydige konklusjonar kan trekkjast, men politisk kan det vere føremålstenleg å gå ut frå at det faktisk er slik.

Sogn og Fjordane er det einaste fylket der kommunesamanslåingar neppe vil få mykje å seie for bruken av nynorsk. Bruken av bokmål auka noko i 1960- og 70-åra, men det var neppe kommunesamanslåingane som førte til den endringa.

Nynorsk skriftkultur treng sterke publisistiske miljø fleire stader enn i Oslo. Ein meir målretta offentleg kulturpolitikk på dette området ville sikre viktige rammevilkår for nynorskfylket Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane står endå sterkare som nynorskfylke jamført med resten av landet ved utgangen av vidaregåande skule enn ved inngangen til grunnskulen. Det ville vere klokt å rekne med at den språklege lekkasjen aukar også i dette fylket viss særskilde tiltak ikkje blir sette inn.

Det er innvandrarane som no held oppe folketalet mange stader i landet. Dette gjeld også i Sogn og Fjordane, som slit med dårlege utviklingstrekk i folketalet. Ein av fleire nødvendige føresetnader for at Sogn og Fjordane blir verande nynorskfylket, er difor at kommunane og fylkeskommunen gir innvandrarane opplæring på nynorsk.

### **Eit språk med status**

Sogn og Fjordane er eit språkpolitisk viktig fylke, og i Sogn og Fjordane har nynorsk høg status.

Den sosiale posisjonen har språket fått gjennom bruken i kvardagen. Det var mellom 1910 og 1930 den nynorske skriftkulturen festna seg i landet. På dei få åra skifta så mange skriftspråk at eg har kalla det den vesle norske kulturrevolusjonen. I Sogn og Fjordane fekk nynorsk skriftkultur raskare større tyngd enn i noko anna fylke.

Det skjedde ikkje gjennom diktning og skjønnlitteratur, men i den sosiale kvardagen. Det kan godt hende at lekmannspredikanten Matias Orheim frå Nordfjord har hatt vel så mykje å seie for utbreiinga av nynorsk enn dikteren Jakob Sande frå Sunnfjord. Innbyggjarane tok rett og slett språket i bruk kvar på sin stad, ikkje minst i offentleg forvaltning.

Skilnadene mellom tettbygde og spreidtbygde område er mindre i Sogn og Fjordane enn i det meste av landet elles. Fråværet av sterk urbanisering kan ha vore ein styrke for bruken av nynorsk, men det seier ikkje seg sjølv at nynorsk skriftkultur taper mot alt urbant. Modernisering av samfunn har med meir å gjere enn urbanisering, og analysar av moderniseringsprosessar gir innsyn i språklege posisjonsendringar. Samfunnsvitarar etablerte for 50 år sidan ei tenking om nynorsk som ein motkultur. Det gir nok like mykje meining å sjå på nynorsk som ein moderniseringsfaktor.

Sogn og Fjordane er eit heilt anna samfunn i dag enn for 50 år sidan, men her har modernisering og nynorsk vore to sider av same sak.

# Den første i fylket

- 1882 Det første lærarkurset i nynorsk i landet blir halde i **Sogndal**
- 1885 Ein offentleg instans i landet annonserer på nynorsk, i **Bremanger**
- 1886 Mons Litleré opnar Norskmaalets Boghandel i **Naustdal**
- 1888 Avisa Folkets Vel kjem ut i **Lærdal**
- 1891 Bladet Forteljaren kjem ut i **Bremanger**
- 1896 Kommunestyret i **Fjaler** går over til å føre møtebok på nynorsk
- 1897 **Stryn** innfører nynorsk som opplæringspråk i ein skulekrins
- 1899 Fresvik sokn i **Vik** innfører Blix-salmane
- 1913 **Stryn** innfører nynorsk liturgi
- 1920 **Fylkesbaatarne i Sogn og Fjordane** går over til nynorsk
- 1921 **Gaular** krev nynorsk som tenestemål

# Ottar Grepstad: Språkfakta Sogn og Fjordane

## Nynorsk språkbarometer 2011

Tal frå 2011 når ikkje anna er oppgitt

Sogn og Fjordane	%	Noreg
100 % av kommunane har NN tenestemål	100	
99 % av kyrkjesokna bruker NN liturgi (2009)		99 % kan lese og skrive (2007)
97 % av elevane i grunnskulen har NN som opplæringspråk		
I 96 % av kommunane har meir enn 90 % av elevane i grunnskulen NN som opplæringspråk.	95	
90 % av nynorskelevane i vidaregåande skule liker godt eller svært godt å skrive NN (2010)	90	
88 % av avisene er redigerte på NN		
84 % av elevane i vidaregåande skule har NN som opplæringspråk	85	88 % av NN-elevane bur på Vestlandet (2008)
82 % av dei vernepliktige bruker NN (2010)	80	
		76 % av NN-elevane bur i NN-kommunar (2008)
73 % meiner at riksavisene bør bruke meir NN (2006)	75	75 % av kyrkjesokna på Vestlandet bruker NN
68 % av ann0onsane i Firda er på nynorsk	70	
	65	
58 % av dei vaksne skriv som regel NN privat (2005)	60	
58 % meiner at alle bør lære å lese og skrive både NN og BM (2008)	55	53 % av NN-elevane liker i liten grad å lese NN (2006)
	50	
	45	
	40	39 % av kommunane har NN-elevar i grunnskulen (2008)
	35	
	30	30 % av kyrkjesokna bruker NN liturgi
		29 % meiner at riksavisene bør bruke meir NN (2008)
		29 % av avisene er redigerte på NN eller begge målformer (2010)
		27 % meiner at elevane skal lære å lese og skrive både BM og NN (2008)
	25	27 % av kommunane bruker NN tenestemål
	20	I 22 % av kommunane bruker minst 90 % av elevane NN
	15	13 % av avisopplaget er redigert på NN eller begge målformer (2008)
		13 % skriv som regel NN eller begge målformer privat (2005)
		13 % av elevane i grunnskulen bruker NN
10 % av alle arrangement i Ivar Aasen-året 1996	10	11 % bur i NN-kommunar
9 % av medlemene i Noregs Ungdomslag		
7 % av medlemene i Noregs Mållag		7 % av alle vernepliktige bruker NN (2010)
6 % av dei som abonnerer på Dag og Tid		7 % av elevane i vidaregåande skular bruker NN
	5	6 % av nye bøker frå norske forlag er på NN (2008)
	0	

### Merknad

Vurdering av stiganbe eller fallande tendens byggjer på utviklinga det siste tiåret

### Kjelder

Tabellar i Språkfakta 2010 og Nynorsk faktabok 2005

Publisert første gongen i Språkfakta Sogn og Fjordane

Sist oppdatert 5.5.2012

# Ottar Grepstad: Språkfakta Sogn og Fjordane

## Regionale trekk ved nynorsk skriftkultur 1910-2010

Prosent

	1910	1930	1950	1970	1990	2010
<b>OFFENTLEG SKRIFT Kommunar med nynorsk tenestemål</b>						
Noreg		32 <sup>31</sup>	39	22	25	26
Vestlandet		67 <sup>33</sup>	81	80	71	76
Rogaland		40 <sup>33</sup>	69	23	35	42
Hordaland		88 <sup>33</sup>	91	76	91	91
<b>Sogn og Fjordane</b>		<b>87<sup>33</sup></b>	<b>95</b>	<b>88</b>	<b>96</b>	<b>100</b>
Møre og Romsdal		60 <sup>33</sup>	58	23	61	64
<b>OFFENTLEG TALE Kyrkjesokn med nynorsk liturgi</b>						
Noreg	15	22 <sup>31</sup>	31 <sup>49</sup>		29 <sup>96</sup>	30
Vestlandet		47 <sup>37</sup>	68 <sup>49</sup>		72 <sup>96</sup>	75
Rogaland		9 <sup>33</sup>	18 <sup>49</sup>		36 <sup>96</sup>	42
Hordaland		51 <sup>33</sup>	84 <sup>49</sup>		76 <sup>96</sup>	76
<b>Sogn og Fjordane</b>		<b>64<sup>33</sup></b>	<b>100<sup>49</sup></b>		<b>99<sup>96</sup></b>	<b>99</b>
Møre og Romsdal		45 <sup>33</sup>	61 <sup>49</sup>		74 <sup>96</sup>	71
<b>PRIVAT SKRIFT Elevar med nynorsk i grunnskulen</b>						
Noreg	13	20	30	18	17	13
Vestlandet	18	47 <sup>25</sup>	65 <sup>47</sup>	50 <sup>71</sup>	50 <sup>87</sup>	42
Rogaland	20	60	73 <sup>51</sup>	31 <sup>71</sup>	31 <sup>89</sup>	25
Hordaland	52	69	79 <sup>51</sup>	47 <sup>71</sup>	49 <sup>89</sup>	40
<b>Sogn og Fjordane</b>	<b>59</b>	<b>92</b>	<b>98<sup>51</sup></b>	<b>95<sup>71</sup></b>	<b>96<sup>89</sup></b>	<b>97</b>
Møre og Romsdal	38	67	92 <sup>51</sup>	59 <sup>71</sup>	59 <sup>89</sup>	53
<b>PRIVAT TALE</b>						
Ingen data er tilgjengelege for noko lengre tidsrom						

### Merknad

For avvikande år er nøyaktig årstal oppgitt med heva skrift  
Bergen er rekna med i Hordaland for alle åra

### Kjelder

Nynorsk faktabok 1998

Nynorsk faktabok 2005

Språkfakta 2010

Ottar Grepstad: Avisene som utvida Noreg, 2010

Språkfakta Sogn og Fjordane